



Det kongelige olje- og energidepartement  
Energi og vannressursavdelingen  
PB 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår ref.  
20/419-7

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Hilmar Høl

Direktenr  
90201564

Arkiv

Dato:  
02.03.2020

## Uttale NorthConnect

Årdal kommunestyre har i Ksak 009/20 vedteke fylgjande uttale:

Årdal kommunestyre går inn for å nytte norsk vasskraft til industriell verdiskaping og fordeling i Norge, ikkje til enno meir krafteksport. Den omstridde NorthConnect-kabelen vil føre til ytterlegare auke i kraftpris og nettleige i Noreg - på bekostning av store og små straumkundar.

Dette vil etter vårt syn ha negativ verknad for mange lokalsamfunn og kommunar som har kraftforedlende industri.

Ei eventuell utflagging av norske industriverksemder basert på rein og fornybar norsk vasskraft, til land med lågare klima- og miljøkrav, vil vere katastrofalt for Noreg som industrinasjon.

I tillegg fryktar Årdal kommunestyre at NorthConnect kan føre til ytterlegare press på å få bygd ut vasskraft og vindkraft i sårbare naturområde.

***Årdal kommunestyre oppmodar derfor Olje- og Energidepartementet om å seie nei til søknaden frå NorthConnect KS om å få bygd ein gigantisk utanlands kabel frå Sima i Hardanger til Skottland.***

  
ARDAL KOMMUNE  
Med helsing  
Ordfører

Hilmar Høl  
Ordfører